



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

SKULESTAD SKULE



5. – 8. november 2007



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

12 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere grunnskulane i regionen i løpet av 3-4 år. Målet er 12 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skulestad skule er ein barneskule i Voss kommune, ca. 2 km frå Vossevangen sentrum. Skuleåret 2007/2008 har skulen 185 elevar fordelt på 14 grupper. 22 lærarar og 6 fagarbeiderarar og assistentar arbeider ved skulen. Rektor er Audhild Rygg.

Skulen har SFO som er open morgon og etter skuletid alle skuledagar.

Skulen sitt overordna mål er:

I samarbeid med heimen vil Skulestad skule skapa eit triveleg og motiverande læringsmiljø, der kunnskap, tryggleik og trivnad vert ivareteke.

3 – Vurderingstema

Skulestad skule har bede om vurdering på følgjande tema:

“Elevane sitt arbeid med eigen læringsstrategi”

Dette temaet har skulen valt ut frå tre tema som kommunen har bestemt at skulane på Voss skal vurderast på.

I samtale med rektor og lærarar ser vi at det skulen eigentleg vil vurderast på, er elevane sin bruk av ulike læringsstrategiar for å tilleigna seg kunnskap.

“Læringsstrategier er framgangsmåter elevene bruker for å organisere sin egen læring. Det er strategier for å planlegge, gjennomføre og vurdere eget arbeid for å nå læringsmål. Det innebærer også refleksjon over nyervervet kunnskap og anvendelse av den i nye situasjoner.”

(Prinsipper for opplæring, Kunnskapsløftet, 2006)



4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.
Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Elevane sitt arbeid med eigen læringsstrategi

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen prioriterer læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none"> ▪ bruk av læringsstrategiar er nedfelt i planane til skulen ▪ skulen/trinna har ein felles plan for innføring av læringsstrategiar ▪ tilsette driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innanfor feltet ▪ lærarane har kompetanse på læringsstrategiar ▪ personalet er opne for endringar ▪ administrasjonen forventar at læraren legg til rette for at elevane regelmessig reflekterer over korleis dei lærer ▪ skulen vurderer jamleg verksemda si ▪ skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar ▪ elevane har tilgang til variert undervisningsmateriell
Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess	<ul style="list-style-type: none"> ▪ elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen ▪ elevane kan forklara målet med det dei gjer ▪ elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla ▪ elevane har opplæring i samarbeid og det vert forventa at dei skal samarbeida ▪ elevane er bevisste på kva dei kan frå før og integrerer ny kunnskap ▪ elevane vurderer eige arbeid ▪ elevane reflekterer regelmessig over korleis dei lærer og brukar denne kunnskapen i nye situasjonar ▪ elevane brukar ulike læringsstrategiar ▪ elevane er bevisste kvifor dei brukar dei ulike strategiane ▪ elevane er motiverte ▪ elevane har fokus på arbeidsoppgåva ▪ elevane er delaktige i utforming av arbeidsplanen sin ▪ elevane er bevisste på korleis dei lærer
Læraren er ein tydeleg modell og leiår i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none"> ▪ læraren rettleier og er ein modell i all tileigning av kunnskap ▪ læraren har ei systematisk opplæring av læringsstrategiar ▪ læraren lagar i samarbeid med kvar einskild elev tydelege læringsmål ▪ læraren let alltid elevane henta fram bakgrunnskunnskapen sin før dei skal læra ▪ lærarane legg til rette for bruk av ulike læringsstrategiar ▪ lærar gjev fortløpande rettleiing under læringsprosessar ▪ lærar trenar elevane i å evaluere seg sjølv, både fagleg og korleis dei lærer ▪ lærarane legg til rette for eit godt læringsmiljø ▪ lærarane arbeider med miljøet i gruppa slik at elevane er trygge på kvarandre ▪ lærarane gjev elevane merksemd kvar dag



Kriterium	Teikn på god praksis
Det er godt samspel mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none"> ▪ føresette får informasjon om skulen sitt arbeid med læringsstrategiar ▪ føresette får noko kjennskap til ulike læringsstrategiar ▪ læringsstrategiar er synleg i arbeidsplanar og annan informasjon som føresette mottok frå skulen. ▪ føresette er støttespelarar til barnet sitt arbeid i læringsprosessen ▪ føresette opplever foreldresamtalen som nyttig ▪ føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer ▪ skulen tar innspel frå heimen på alvor

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Rektor og lærarar, elevar og foreldre
- Eksterne: Liv Kristoffersen, Gunilla Skutle Ølmheim og Gudny Fykse. I tillegg var Helle Vollan med som hospitant.

Dette er eit tema som, i tillegg til elevane, også impliserer lærarar og foreldre. Det er derfor naturleg at alle desse tre partar er med.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 39	Skulen melder inn vurderingstema	Rektor
Veke 41	Vurderingsgruppa har bestemt at Liv Kristoffersen, Gunilla Ølmheim og Gudny Fykse er vurderarar	Vurderarane
Veke 41	Vurderarane tek kontakt med skulen. Set opp forslag til tidsplan. Den blir sendt skulen.	Vurderarane
Veke 42	Vurderarane får tilsendt <ul style="list-style-type: none"> - kopi av arbeidsplanar/lekseplanar for to veker frå alle trinn. (Gjerne elektronisk) - tidspunkt for start og slutt på økter/timar - oppsett over kontaktlærarar på ulike trinn - klassestorleik - resultat av elevundersøkelsen(eventuelt utvida utgåve) - resultat av kartleggingsprøvar for tr. 2 - eventuelt ståstadanalyse - oversikt over kompetanse på læringsstrategiar - døme på bruk av læringsstrategiar - eventuell progrosjonsplan for bruk av læringsstrategiar - kva trinn læringsstrat. er teke i bruk på 	Rektor



Veke 42	Forslag til glansbilete blir sendt skulen.	Vurderarane
Veke 42	Skulen arbeider med glansbilete og teikn på god praksis. Gir respons til vurderarane.	Rektor
Veke 43	Utarbeiding av påstandsskjema til elevar og lærarar Desse blir oversendt skulen seinast tysdag 23. oktober.	Vurderarane
	Påstandsskjema blir levert ut til lærarar med frist for innlevering måndag 29. oktober. Utfylte skjema blir sendt til Liv Kristoffersen, Postboks 65, 5786 Eidfjord, for oppsummering	Rektor
	Påstandsskjema til elevar blir utfylte på skulen og samla inn fredag 26.oktober. Utfylte skjema blir sendt til Gudny Fykse, Klyvev. 68, 5612 Steinstø for oppsummering	Rektor
Veke 44	Oppsummering av påstandsskjema.	Vurderarane
	Utarbeiding av materiell for samtale med elevar, foreldre og lærarar.	
Veke 45	Måndag 5. nov.	
	Vurderarane møter på skulen kl. 10:00 10:15: Møte med leiing	Vurderarar/ rektor
	12:00 – 15:30: Observasjon av undervisning, arbeidsøkter, A-plantimar frå 1. til 7. trinn.	Rektor lagar plan for måndag, tysdag og onsdag og syter for at gruppene er klare og møter til rett tid
	Intervju med elevgrupper (ca. 5 elevar) frå trinn 3., 4., 5., 6., og 7. (Ca. 30 min på kvar elev) Skulen plukkar ut elevar etter klasselistene, for eksempel kvar 5. elev.	
	Intervju med lærargrupper, både kontaktlærarar og timelærarar. 5 lærarar per gruppe. Vi vil møta lærarar på alle trinn.	
	Kl.19:00- 20:30: Møte med FAU og klassekontaktar.	Rektor kallar inn
	Tysdag 6. nov.	
	8:30: Møte med leiing	Rektor lagar plan og syter for at gruppene er klare og møter til rett tid
	9:00 – 15:30: Observasjon og intervju med elevar og lærarar. Skulen set opp plan for dette.	
	Onsdag 7.nov.	
	8:30: Møte med leiing	Rektor lagar plan og syter for at gruppene er klare og møter til rett tid
	9:00 – 15:30: Observasjon og intervju med elevar og lærarar. Skulen set opp plan for dette.	
	Rapportskriving	Vurderarane



Torsdag 8. nov.	Vurderarane
Rapportskriving	Vurderarane/ rektor
12:30: Møte med leiing	
13:45: Framlegging av rapport	Vurderarane

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga, informasjonsbrosjyre m.m. I tillegg har vurderarane fått arbeidsprogram for elevane, arbeidsplan for lærarar og rapport frå skulebasert vurdering skuleåret 2005/2006 som gjekk på temaet "Elevaktiv læring/elevmedverknad".

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet som oppsummerte dei. Kunnskapen desse gav blei brukt som grunnlag for spørsmål i intervju med elevar og foreldre og møte med foreldre.

Samtalar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Vurderarane hadde intervju med elevgrupper frå 3. til 7. trinn og alle lærarar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt



møte med klassekontaktane og FAU måndag 5.11.07. 16 foreldre møtte. Dei blei delte i fire grupper som fekk utdelt sju påstandar. Gruppene valde sekretær og skreiv ned det dei meinte. Desse svara blei gått gjennom og godkjende av dei same foreldra i plenum.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med rektor i starten på alle vurderingsdagane. Rektor har blitt informert undervegs om framgangen i vurderinga. Dagsplanar har fått eventuelle justeringar.

Observasjon

Me observerte i alle grupper frå 1. til 7. trinn. Dei fleste gruppene arbeidde med arbeidsprogram.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess

- ✓ *elevane er motiverte*
- ✓ *elevane har fokus på arbeidsoppgåva*

I påstandsskjema vurderarane sendte ut i forkant av vurderinga, svarar elevar og lærarar at dei trivest på skulen og likar å læra nye ting. Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga frå 2007 viser det same.

På skulen vart me møtt av blide og høflege elevar. Der me var til stades i undervisninga såg me at elevane var fokuserte på arbeidsoppgåvene sine. Elevar heldt på med ulike arbeidsoppgåver utan å forstyrre kvarandre. Dei retta opp handa og venta på tur når dei ville ha hjelp.

- ✓ *elevane reflekterer regelmessig over korleis dei lærer og brukar denne kunnskapen i nye situasjonar*
- ✓ *elevane har opplæring i samarbeid og det vert forventat at dei skal samarbeida*
- ✓ *elevane vurderer eige arbeid*

Lærarane sa at dei hadde mange samtalar med elevane med fokus på bevisstgjerung. I intervjuar var elevane reflekterte og opptatt av å gjera skule- og heimearbeidet sitt bra. Dei uttrykkjer og at dei tenkjer gjennom korleis dei lærer og brukar den nye kunnskapen sin. Påstandsskjemaet viser at elevane tenkjer gjennom korleis dei lærer best.

Elevane svarar på påstandsskjema at dei lærer å samarbeida. Elevundersøkinga frå 2007 understrekar dette. Me såg at elevar jobba saman med problemløysingsoppgåver, spel og pedagogisk programvare.



Det er godt samspel mellom heim og skule

- ✓ føresette er støttespelarar til barnet sitt arbeid i læringsprosessen
- ✓ føresette opplever foreldresamtalen som nyttig
- ✓ føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer
- ✓ skulen tar innspel frå heimen på alvor

I møtet med føresette møtte me ei engasjert og positiv gruppe som sa svært mykje bra om Skulestad skule.

Nokre utsegn frå møtet:

"Skulen er ein inkluderande skule som følgjer opp planane"

"God dialog mellom FAU og skulen. Fokus på mobbeplan på alle foreldremøte. Trygt skulemiljø. Er imøtekomande når det oppstår problematiske ting. Stabile lærarkrefter. Skulen er akkurat passe stor. Gode og sterke leiarar"

Dei føresette opplever foreldresamtalen som nyttig og hadde konstruktive innspel på kva denne burde innehalde. Dialogen opplever dei som god. Det er lett å ta kontakt med skulen.

Foreldreundersøkinga frå 2007 viser at dei opplever at lærarane viser stor interesse for deira synspunkt om barnet si læring og utvikling. Undersøkinga viser og at dialogen mellom heim og skule er god. Både undersøkinga og møtet viser at skulen tar innspel frå heimen på alvor.

Læraren er ein tydeleg modell og leiar i læringsprosessen

- ✓ lærarane legg til rette for eit godt læringsmiljø
- ✓ lærarane arbeider med miljøet i gruppa slik at elevane er trygge på kvarandre

Skulen scorar godt på arbeidsmiljø på elevundersøkinga. I påstandsskjemaet frå vurderinga seier elevane at dei får arbeidsro og ikkje uroar andre.

Vårt inntrykk er at skulen arbeider med haldningsskapande arbeid; vaktane har Zero-vestar og me har sett teikn på at skulen arbeider med *Det er mitt val*.

Det er svært god orden på Skulestad skule, noko som er eit teikn på struktur og tydelege rammer for elevane sitt læringsmiljø. Elevane me møtte var høflege og trygge.

Over 96% av elevane svarar i elevundersøkinga at dei ikkje vert mobba i det heile eller ein sjeldan gong.

- ✓ læraren let alltid elevane henta fram bakgrunnskunnskapen sin før dei skal læra
- ✓ lærar gjev fortløpande rettleiing under læringsprosessar
- ✓ læraren lagar i samarbeid med kvar einskild elev tydelege læringsmål

Både elevar og lærarar uttrykker at det er vanleg at læraren let elevane henta fram bakgrunnskunnskapen sin før dei skal læra noko nytt.

Lærarane seier at dei gjev fortløpande rettleiing under læringsprosessar. I elevundersøkinga uttrykker elevane at dei får støtte og hjelp når dei treng det.

Den skulebaserte vurderinga skuleåret 05/06 gjekk på elevaktiv læring og elevmedverknad. Det er tydeleg for oss at dette er noko skulen har arbeidd med då elevane var reflekterte og kom med mykje informasjon i spørsmål om mål og vurdering av eige arbeid.



Skulen prioriterer læringsstrategiar

- ✓ *lærarane har kompetanse på læringsstrategiar*
- ✓ *personalet er opne for endringar*
- ✓ *administrasjonen forventar at læraren legg til rette for at elevane regelmessig reflekterer over korleis dei lærer*

Kollegiet på Skulestad skule har delteke på fleire ulike kurs om læringsstrategiar. Nokre av kursa har vore felles for heile personalet. Elles har fleire lærarar vore på andre kurs. Lærarane uttrykker at dei har god opplæring i sjølve strategiane. I påstandsskjemaet seier lærarane at dei er opne for endringar. Både i påstandsskjema og i samtalar seier lærarane at administrasjonen forventar at dei legg til rette for at elevane regelmessig reflekterer over korleis dei lærer. Me oppfatta at lærarane stort sett såg det som positivt at det er forventningar til bruk av læringsstrategiar.

- ✓ *skulen vurderer jamleg verksemda si*

Sidan tidleg på 90-talet har Skulestad skule vurdert verksemda si årleg. Dei siste åra ligg *Læringsplakaten* til grunn for dette arbeidet.

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen prioriterer læringsstrategiar

- ✓ *bruk av læringsstrategiar er nedfelt i planane til skulen*
- ✓ *skulen/trinna har ein felles plan for innføring av læringsstrategiar*

Gjennom påstandsskjema og intervju seier lærarane at skulen har planar for innføring av læringsstrategiar. Dei refererer til verksemdsplan, eit dokument som bestemte kva strategi som skulle innførast på dei ulike trinna og den lokale læreplanen for norsk.

I norskplanen finn me at elevane skal få innføring i *friformkart* og *læresamtale* etter 2. trinn, *tankekart* og *Venndiagram* etter 3. trinn, kunna *likt/ulikt skjema* og *rammenotat* etter 4. trinn, få kjennskap til *VØL-skjema* etter 5. trinn og *ordkart*, *spoletekst* og *tokolonnenotat* etter 7. trinn.

I verksemdsplanen står det ikkje noko om læringsstrategiar. Andre planar har me ikkje sett.

Me meiner at skulen gjerne kan ta utgangspunkt i norskverket og strategiane der, men at innføring av dei ulike strategiane på trinna må koma i ein eigen plan. Denne planen må vera overordna andre fagplanar. Læringsstrategiar er verktøy i tileining av kunnskap. For bevisstgjerjing kan eit tips vera å henga opp progresjonsplanen slik de har gjort med *Læringsplakaten*.



- ✓ *tilsette driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innanfor feltet*

Lærarane er med i nettverk med tre andre skular på Voss. Her er læringsstrategiar sett på dagsorden. I nettverka samarbeider dei som arbeider med same årstrinn. Lærarane opplever som tidlegare nemnt at det er ei forventning om at dei skal ta i bruk læringsstrategiar i klassane. Gjennom samarbeid om planar og undervisningsopplegg prøver dei å innføra læringsstrategiar. Samarbeidet vert då med kollegaer på same trinn.

Lærarane uttrykker eit behov for avklaring av omgrep, systematisk opplæring og felles erfaringsutveksling på skulen. For å få dette til må det setjast av tid til dette i plenum.

- ✓ *skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar*

Lærarane gjennomfører dei to årlege elevsamtalane. Dei uttrykkjer eit behov for å sjå på systematikken i innhaldet i denne samtalen.

Elevane seier gjennom påstandsskjema at dei ikkje har ein plan på dette. Lærarane sa at det var betre tid til gjennomføring av samtalane tidlegare. Når samtalane ikkje er tidfesta, må lærarane prøva å få tid til dei når det høver. Førebuinga til samtalane vert då ikkje tilfredsstillande korkje for lærarar eller elevar. Samtalane må koma inn att i system.

Elevsamtalane kan ha ulike funksjonar, så lenge hovudmålet er hjelp og nytte for elevane si faglege og sosiale utvikling. Dersom Skulestad skule maktar å organisera meir enn to elevsamtalar pr. år, bør nokre samtalar ha hovudfokus på måloppnåing, vurdering og trening i eigenvurdering.

Læraren er ein tydeleg modell og leiari i læringsprosessen

- ✓ *læraren har ei systematisk opplæring av læringsstrategiar*
- ✓ *lærarane legg til rette for bruk av ulike læringsstrategiar*

I mange grupper har lærarane kome langt i arbeidet med å innføra læringsstrategiar. Når me likevel vel å setja dette under utviklingsområde, er det fordi det må vera meir systematikk i arbeidet. For at lærarane skal kunna driva systematisk opplæring og leggja betre til rette for bruk av læringsstrategiar, må dei arbeida etter ein felles plan for skulen (nemnt tidlegare). Dette vil og sikra at elevane får læra dei ulike strategiane etter ein fast progresjon og er då uavhengig av kva lærar dei har.

- ✓ *lærar trenar elevane i å evaluere seg sjølv, både faglege og korleis dei lærer*

Gjennom arbeid med læringsmål på arbeidsplanen set Skulestad skule fokus på læring og måloppnåing for elevane. Lærarane og elevane seier at dei samtalar om måla i starten av veka og har fokus på dei undervegs. På fredagar har nokre grupper prøvar som skal sjekka om dei har nådd måla. Elles har grupper plenumssamtalar med fokus på måloppnåing.

I forskrift til opplæringslova, § 3-1 (Rett til vurdering) står det at det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal også leggjast til rette for at elevane kan gjera god eigenvurdering.

Vidare står det i § 3-4 (Vurdering utan karakter) at elevane skal kunna delta i vurderinga av sitt eige arbeid.

Gjennom samtalane me har hatt med lærarar og elevar får me inntrykk av at det er ei viss grad av eigenvurdering i arbeidet. Vårt inntrykk er at det handlar mest om rettskriving og rette svar på oppgåver.



Skulen må ha eit system for vurderingskriterium saman med læringsmål, og lærarane må gjera tydeleg overfor elevane kva kriterium dei legg vekt på når dei vurderer.

Like viktig er at lærarane tydeleggjer det viktige med vurderingskriteria i daglegtaalen med elevane, slik at elevane forstår at dette ikkje berre er viktig når dei t.d. skal prøvast i måla. Oppsette kriterium vert på ein måte eit glansbilde for korleis produktet bør vera. Såleis kan ein måte å trena vurdering saman med eleven vera å sjekka eleven sitt produkt opp mot lista med kriterium – saman med eleven. Her trengst prøving og feiling.

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess

- ✓ *elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen*
- ✓ *elevane er delaktige i utforming av arbeidsplanen sin*

Elevane er i liten grad med og planlegg læringsprosessen sin. Dette kjem fram i samtalar og påstandsskjema.

Arbeidsprogrammet til elevane kan vera eit godt utgangspunkt for at elevane skal kunna vera meir delaktige. Dei kan til dømes få velja mellom ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar når dei skal løysa ei oppgåve. Dei kan få velja mellom oppgåver / velja vekk oppgåver. Me meiner ikkje at elevar skal velja mål, emne og oppgåver heilt fritt, men få ulike alternativ å velja mellom.

- ✓ *elevane brukar ulike læringsstrategiar*
- ✓ *elevane er bevisste kvifor dei brukar dei ulike strategiane*

Lærarane har arbeidd med læringsstrategiar og elevane kan fleire av dei. I intervjuet fekk me kjempegode skildringar på korleis dei brukte dei. Det var litt ulikt kva dei hadde lært i dei ulike gruppene. Difor kjem me nok ein gong tilbake til at skulen må ha ein plan for innføring av læringsstrategiar for å sikra lik progresjon.

Det er godt samspel mellom heim og skule

- ✓ *føresette får informasjon om skulen sitt arbeid med læringsstrategiar*
- ✓ *føresette får noko kjennskap til ulike læringsstrategiar*
- ✓ *læringsstrategiar er synleg i arbeidsplanar og annan informasjon som føresette mottok frå skulen*

Foreldra sa at dei ikkje visste kva som var meint med læringsstrategiar. For at føresette skal kunna støtta opp om læringsarbeidet heime, bør dei få informasjon om kva læringsstrategiar er for noko. Døme på korleis dette kan gjerast: informera på klasseforeldremøte, tilgjengeleg progresjonsplan og informasjon på nettsider.



10 – Vidare arbeid


6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss, 8/11-07

Gudny Fykse

Liv Kristoffersen

Gunilla S. Ølmheim



5 vedlegg



Vedlegg 1

Påstandsskjema for elevar ved Skulestad skule, 5.-7.trinn

Fyll ut! Eg går i klasse.

Kryss av! Eg er jente . Eg er gutt

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 1. Dersom du ikkje veit, kryssar du under "veit ikkje". Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand

	Påstand	4	3	2	1	Veit ikkje
1	Eg trivest på skulen					
2	Eg likar å læra nye ting					
3	Eg snakkar med læraren om kva eg skal læra					
4	Læraren spør meg korleis eg tenkjer når eg skal løysa for eksempel matematikkoppgåver					
5	Eg veit kva eg skal gjera for å nå læringsmåla mine					
6	Eg tenkjer gjennom korleis eg lærer best					
7	Eg lærer korleis eg skal samarbeida					
8	Når vi begynner på eit nytt tema, snakkar vi om kva vi kan frå før om temaet					
9	Eg har lært om fleire læringsstrategiar					
10	Eg er med og bestemmer kva som skal stå på arbeidsplanen					
11	Eg har arbeidsplan med læringsmål					
12	Eg samarbeider med læraren min om å laga mine eigne læringsmål					
13	Eg får arbeidsro og konsentrerer meg om arbeidsoppgåvene					
14	Eg forstyrrer ikkje andre					
15	Eg kan vurdera mitt eige arbeid					
16	Eg har ein plan for når eg skal ha elevsamtale					
17	I elevsamtalen snakkar eg med læraren om mine læringsstrategiar og korleis eg skal arbeida med faga					



Vedlegg 2

Påstandsskjema for lærarar

Vurderingstema: Elevane sitt arbeid med eigen læringsstrategi

Sett berre eitt kryss for kvar påstand

Læraren er ei tydeleg modell og leiari i læringsprosessen	Ueinig					Einig
	1	2	3	4	5	
Eg driv systematisk opplæring i læringsstrategiar med elevane mine						
Eg lagar tydelege læringsmål						
Eg lar alltid elevane mine henta fram bakgrunnskunnskapen sin før dei skal læra						
Eg legg til rette for bruk av ulike læringsstrategiar i undervisninga						
Eg gjev fortløpande rettleiing under læringsprosessar						
Eg trenar elevane i å evaluera seg sjølve fagleg						
Eg trenar elevane i å evaluera seg sjølve på korleis dei lærer						

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess	Ueinig					Einig
	1	2	3	4	5	
Elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen						
Elevane er motiverte						
Elevane har fokus på arbeidsoppgåva						
Elevane er delaktige i utforming av arbeidsplanen sin						
Elevane er bevisste på korleis dei lærer						

Skulen prioriterer læringsstrategiar	Ueinig					Einig
	1	2	3	4	5	
Bruk av læringsstrategiar er nedfelt i planane til skulen						
Skulen har ein felles plan for innføring av læringsstrategiar						
Tilsette driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innanfor feltet læringsstrategiar						
Lærarane har kompetanse på læringsstrategiar						
Personalet er opne for endringar						
Administrasjonen forventar at læraren legg til rette for at elevane regelmessig reflekterer over korleis dei lærer						
Skulen vurderer jamleg verksemda si						
Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar						
Medarbeidarar og leiing drøftar resultat frå elevundersøkinga						
Resultat frå kartleggingsprøvar vert drøfta av lærarar og leiing						
Resultata frå elevundersøkinga vert brukt som utgangspunkt for endringar av undervisningspraksis på denne skulen						

Dersom det er noko anna du vil seia noko om, kan du skriva det på baksida

På førehand takk for hjelpa!



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE ELEVAR

VURDERINGSTEMA: Elevane sitt arbeid med eigen læringsstrategi

- 1. Lærer du noko nytt på skulen kvar dag?**
- 2. Kan du fortelja korleis de gjer det i klassen når de skal læra noko nytt?**
- 3. Har du høyrte om læringsstrategiar?**
- 4. Kan du fortelja det du veit om læringsstrategiar?**
- 5. Kan du bruka tankekart?**
- 6. Kan du bruka styrkenotat**
- 7. Kan du bruka VØL-skjema?**
- 8. Kva er eit VENN-diagram?**
- 9. Skriva samandrag**
- 10. Lærelogg**
- 11. Læresamtale - elevsamtale - plansamtale**
- 12. På kva måte vurderer du ditt eige arbeid**



Vedlegg 4

INTERVJU LÆRARAR

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
Skulen prioriterer læringsstrategiar	Kva seier skulen sine planar om læringsstrategiar?
	Korleis følgjer de opp skulen sine planar om læringsstrategiar (krit 4, pkt 2)?
	Korleis føregår kollegalæring og erfaringsutveksling om læringsstrategiar?
	Kva kompetanse har de på læringsstrategiar?
	Korleis opplever du administrasjonen sine forventningar til deg når det gjeld bruk av læringsstrategiar?
	Korleis er elevsamtalar / utviklingssamtalar organisert på Skulestad skule?
Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess	Korleis involverer du elevane i læringsprosessen deira (innhald, mål, eigenvurdering)?
	Korleis brukar elevane dine det dei kan om læringsstrategiar når dei møter nye oppgåver?
	Fortel litt om elevane er bevisste på korleis dei lærer.
Læraren er ein tydeleg modell og leiar i læringsprosessen	Kva vil det seia at læraren er modell og leiar i læringsprosessen?
	Korleis lar du elevane henta fram bakgrunnskunnskapane sine?
	Korleis får elevane trening i å evaluera seg sjølv fagleg?
	Korleis får elevane trening i å evaluera seg sjølv på korleis dei lærer?
Det er godt samspel mellom skule og heim	Korleis kan føresette vera støttespelarar til barnet sitt arbeid i læringsprosessen?



Vedlegg 5

SAMTALEGUIDE FØRESETTE

KRITERIUM	PÅSTANDAR OG INNSPEL
Det er godt samspel mellom heim og skule	Sei noko som er bra med Skulestad skule
	Informasjonsflyten mellom skule og heim er god
	Føresette får noko kjennskap til ulike læringsstrategiar
	Læringsstrategiar er synleg i arbeidsplanar og annan informasjon som føresette mottek frå skulen
	Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig
	Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer
	Skulen tar innspel frå heimen på alvor